



RØLDAL FJELLSTYRE

ÅRSMELDING 2024



Figur 1: Oppslag på heimesida til Norges Fjellstyresamband

(<https://www.fjellstyrene.no/aktuelt/rldal-fjellstyre-og-suldal-fjellstyre-erobrer-nytt-land>)

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: n/a - epost: roidal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no

Innhold

1. Røldal statsallmenning	3
2. Breifonn statsallmenning	3
3. Røldal fjellstyre	3
4. Hytter og stolar	4
<i>Hytter:</i>	5
<i>Stolar</i>	6
5. Villreinjakt	7
<i>Setesdal-Ryfylke (Ullensvang SR84 og Ullensvang SR85)</i>	7
<i>Hardangervidda (HA280)</i>	7
6. Småviltjakt	8
7. Fiske	10
8. Tenestekjøp	12
9. Ymse	13
10. Saker behandla i 2024	14



Figur 2: Rekrutteringstiltak hausten 2024. Geitostysting på Midtfjellsvodlen (Foto: Røldal skule)

1. Røldal statsallmenning

Røldal statsallmenning ligg i Ullensvang kommune i Vestland fylke og er omlag 349 000 dekar høgfjell. Delar av allmenningen ligg innanfor Hardangervidda nasjonalpark. Noko av allmenningen ligg syd for E-134 over Haukeli. Mykje av allmenninga ligg langt frå allfarveg. Fjellstyret har 4 hytter som ålmenta kan nytte og 3 stølar. Stølane vert utleigd saman med beite og bidreg til eit aktivt støsliv i fjellet.

2. Breifonn statsallmenning

Ved Høyfjellskommisjonen sin kjennelse av 2. september 1931 i Ryfylke-Bykleforretningen 3. felt og tilleggskjennelse av same dato i Røldalsforretningen 1. felt, vart eit område ved Breifonn kjent å være statsallmenning. Breifonn statsallmenning har fram til 23.april 2024 vore uten fjellstyre. Etter initiativ frå Røldal fjellstyre, vart området «innrullert» i ordinær modell etter fjelloven.

Det er no avklart at den delen av Breifonn statsallmenning som ligger i Ullensvang kommune, frå no skal forvaltast av Røldal fjellstyre jf. fjellova § 3. – og at den delen av Breifonn statsallmenning som ligger i Suldal kommune, forvaltast av Suldal fjellstyre jf. fjellova § 3.

Delen av statsallmenninga som ligg innanfor Ullensvang kommune, og Vestland fylke, har eit areal på 9.6 km².

3. Røldal fjellstyre

Fjellstyret for perioden 2024 – 2027 har følgjande samansetjing:

Leiar:	Tor Helge Haara Tjemsland	- vara: Svein Myrheim
Nestleiar:	Nils Vetle Medhus	- vara: Arve Hagen
Styremedlem:	Anna Kristina Seim	- vara: Randi T. Legård
Styremedlem:	Anita Rabba	- vara: Anne Marie G. Rabba
Styremedlem:	Andre Botnen	- vara: Trond Rabbe Myrheim

Sekretærarbeidet vart i byrjinga av 2024 utført av Steinar Lund. Frå og med juni vart dette overtatt av Eirik Vetrhus Dørheim frå Hardangervidda Fjelloppsyn (HF).

Fjellstyret har hatt 4 styremøte i 2023 og handsama 47 saker. Fjellstyreinformasjon ligg på heimesida til Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH). All småviltjakt og hovuddelen av alle fiskekort vart i 2024 seld på Inatur.no. Reinsjakta vart seld av fjellstyre, med søknad via mail.

Røldal fjellstyre har følgjande samarbeidspartar:

- Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH)
 - o Seks fjellstyre er med her:
 - Røldal fjellstyre
 - Ullensvang fjellstyre
 - Ulvik fjellstyre
 - Eidfjord fjellstyre
 - Øvre Numedal fjellstyre
 - Rauland fjellstyre.
 - o I tillegg har òg Hardangervidda Grunneigarsamskipnad ein liten eigarandel.
- Noregs Fjellstyresamband (NFS)
 - o Alle dei 94 fjellstyra i Norge er med i NFS.

4. Hytter og stolar

Fjellstyret har tre hytter på Hardangervidda. Desse er opne frå 15. juni til 15. oktober, og vert nytta til jakt, fiske og friluftsliv. Fjellstyret har vedtatt å halde hyttene stengt i vinterhalvåret får å reduserer ferdselen på Hardangervidda med omsyn for villreinen. Det vert likevel noko bruk av hyttene om vinteren, då dei ein må nytta dei i samband med vedlikehald og liknande. Hyttene er utstyrt omlag som ei turisthytte.

Hytteleige:

- Overnatting per døgn:
 - o Innanbygds: kr. 100,-
 - o Utanbygds: kr. 200,-
 - o Studentar (mellom 20 - 15 år): kr. 50,-
 - o Under 20 år: Gratis

Oppbevaringsboks: kr. 250,- per år - kr 800 for 4 år

Hytteleige og bokseleiga betalast på bankgiro eller Vipps.

Hytter:

Ninive - 1204 m.o.h


Hytta ligg ved Holmavatnet ved stien som går til Litlos. Den er omlag 30 m² og har åtte senger.

Hytta vart totalrenovert utvendig i 2021. I løpet av 2024, er det gjort nokre fleire utbetringar inn hytta. Ein har blant installert nytt kjøkken og fått på plass gasskomfyr.

I løpet av våren vart utedassen ferdigbygd i det nye uthuset (Fig.3). Olav Hagen vart leigd til å utføre dette arbeidet.

I løpet av sommaren vart det rydda bra opp rundt hytta og uthuset av HF. Ein fekk mura under hytta, steinsett dreneringsgrøftene, og køyrt vekk overskotsmassane. Ein fekk også endeleg gjennomført ein sårt tiltrengt vaskedugnad i hytta!

Det gjenstår framleis noko arbeid for å ferdigstille uthuset. Spesielt ute. Ein har også kjøpt inn golvbelegg, som etter planen skal leggjast inni bislaget.



Figur 3: No treng ein ikkje gå i urhola lenger!
(Foto: O.Hagen)

Eriksbu - 1167 m.o.h

Eriksbu finn me ved Nedre Hedlevatn like sør for Sandvikenuten. Den er omlag 35 m² og har 12 senger.

Planen var å totalrenovere uthuset ved Eriksbu utvendig i løpet av våren 2024. Etter mykje om og med fekk ein tatt torva av taket. Dessverre fekk ein utfordringar når ein skulle bytte kledninga. Det vart difor avgjort at ein berre la nytt tak om våren. Resten vart tatt i løpet av sumarsesongen. Arbeidet vart utført av Olav Hagen og Eirik Sandal. Noko mindre utbetringar vart også gjort inni i hytta.



Figur 4: Utvendig renovering av uthuset ved Eriksbu (Foto: O.Hagen)

Gamlabua - 1167 m.o.h

Hytta finn me i vestenden av Øvre Hedlevatn, like nord for turisthytta. Den er omlag 25 m² og har 6 senger.

I løpet av våren fekk ein installert nytt solcellepanel i hytta, og bytta ytterdøra. Det vart også rydda opp ein del rape i løpet av sommarsesongen.

Ulevåbotnen - 976 m.o.h

Stølen ligg ved vestenden av Ulevåvatnet. Der er fjøs, sel og vedaskut.

Fjellstyret inngjekk i 2024 ein avtale om langtidsutleige av hytta.

Stølar

Ståvassvika, Midtfjellsvollen og Hadlene vert no utleig frå år til år. Fjellstyret har dei siste åra arbeida med utforming av nye beitekontraktar. Dette arbeidet har visst seg å vere meir utfordrande enn planlagt, og noko eit må prioritere å fullføre i 2025.

Ståvassvikja - 976 m.o.h

Stølen ligg ved Ståvatnet på Haukeli søraust for foten av Sveigen. Der er fjøs, sel og vedaskut. I mange år har eigedomen vore nytta til sauebeite. Stølshusa er no lenger ikkje utleigd til beiteleigarane. Stølen har i 2024 vore disponert av privatperson, medan ein arbeider med utforming av nye kontraktar.

Midtfjellsvollen - 976 m.o.h

Stølen ligg ved Ulevåvatnet på Haukeli. Det er plass til meir enn 100 geiter. Drift med geit kvar sommar.

Nupshadlene - 976 m.o.h

Ein modernisert støl med stort fjøs og kokeanlegg for ost ved Ulevåvatnet. Gammalt sel, vedaskut og aggregathus, samt ei lita hytte. Drift med geit kvar sommar.

5. Villreinjakt

Setesdal-Ryfylke (Ullensvang SR84 og Ullensvang SR85)

Jakttida var frå 20. august til og med 30. september.

CWD-situasjonen på Hardangervidda medførte at myndigheitene innførte tiltak for å forhindre reinsdyra å nytte store delar av Røldal Statsallmenning nær E-134. Forvaltninga hadde også eit ynskje om å halde bukkeandelen i stamma låg, og ein vart difor tildelt fire valfrie dyr.

Ei samla vurdering ut frå dette, gjorde at fjellstyret vedtok å selje fellingsløyver til fire innanbygdsbuande. Alle fellingsløyva vart fordelt i 4 forskjellige «kortpakkar», kor alle jegerane fekk tildelt kvart sitt fellingsløyve på valfritt dyr. Kvar kortpakke vart seld for kr 2000.

Tildelte fellingsløyver:

- Røldal Statsallmenning (Ullensvang SR84) – 3 frie dyr, 2 kalvar, 3 simler
- Breifonn Statsallmenning (Ullensvang SR85) – 1 fritt dyr

Det vart ikkje felt dyr på Syd i 2024.

Hardangervidda (HA280)

Jakttida var frå 20. august til og med 22. september.

CWD-tiltaka langs E-134 vart vurdert til å øydelegge store jaktområder på Røldal Statsallmenning. Det vart difor vedtatt å setje eit tak på om lag 90 jegerar på Røldal Statsallmenning. Det vart også bestemt å ikkje selje til fleire enn 20 utanbygdsjegerar. Då reinsdyrstamma no er mindre enn ynskjeleg, medan CWD-situasjonen medfører eit ynskjer om liten andel storbukk, var det i 2024 berre jakt på vaksen bukk.

Fjellstyret hadde samjakt med HA290 gjennom heile jakta. Det vart frå 06. september opna for ein avgrensa samjaktavtale med Ullensvang SA.

Då fjellstyret vurderte jakta i 2024 til å vere svært utfordrande, og difor mindre attraktiv, vart det vedtatt å la jegerane velje om dei ville kjøpe eit eller to løyver. Ein selde og fellingsløyva til ein unormalt låg pris. Det var mogleg for jegerane å kjøpe ekstraløyver etter behov.

Tildelt:

144 bukkar.

Prisar på fellingsløyve for rein i 2024:

1 vaksen bukk:	kr 1 500
Ekstra løyver:	kr 800
Fyrste-gongsjeger:	gratis
Studentpris:	kr 800

Utanbygdsjegerar vart tilbydd ein pakke på 2 vaksne bukkar til kr 4 600.

Oversikt felte dyr i 2024 på Hardangervidda villreinområde på løyvene tildelt HA280:

	Kalv	1 1/2 år	2 1/2 år og eldre	Sum
Hanndyr	0	0	69	69
Hodyr	0	0	0	0
Sum	0	0	69	69

Dette gjev ein fellingsprosent på 47.9%. Sett i ljøs av at dette var ei rein bukkejakt, så er dette eit enormt tal. I 2024 var fokuset på prøvetaking av alle felte dyr betydeleg større enn tidlegare år. Fjellstyret kjøpte inn vekter til alle innanbygdsjegarar, då det også er kome krav om nøyaktig slaktevekt, i tillegg til korrekt registrering i Hjorteviltregisteret, CWD-prøvar og kjeveinnsamling.

Lokalt var oppslutninga til prøvetakinga for det meste særst god.

Inntekt:

Det vart i 2024 ei samla inntekt frå sal av fellingsløyver på reinsdyr på kr 229 600.

Ein hadde i tillegg ei inntekt på kr 13 000 i samband med overgongsavtalane.

6. Småviltjakt

Vedtak (37/24): Jaktreglane og ordninga for småviltjakta blir som under, og blir gjort gjeldande inntil vidare:

1. Det opnast opp for rjupejakt/småviltjakt f.o.m. 1. oktober t.o.m. 28. februar. Jaktkorta vert lagt ut for sal på Inatur 01.06 kl. 09:00.
2. Jakt med hund er ikkje tillate, dette gjeld og hund i band.
3. Det opnast ikkje opp for jakt på hare. Småviltjaktkortet omfattar elles dei artane som er lovlege etter dei til ei kvar tid gjeldane forskrifter gitt av Miljødirektoratet. Fjellstyret oppfordrar til beskatning av smårovvilt under jakta.

4. Det kan skytast 2 rjuper per dag per jeger. Det er ikkje høve til å samle opp frå dag til dag.
5. Jegerar mellom 16 - 20 år kan kjøpe dagskort med ungdomsrabatt.
6. Jeger under 16 år (opplæringsjakt), jakter gratis med veileidar. Opplæringsjeger vil, etter avtale med fjellstyre, få ein kvote på 1 rjupa per dag. Veileidar må ha løyst ordinært jaktkort.
7. Fjellstyret tilbyr smårovviltkort. Jaktkortet er gyldig f.o.m. 1. mars t.o.m. 30. september.
8. Det opnast for jakt på Kanadagås i jakttida for denne. Ein kan jakte Kanadagås både på smårovviltkortet og småviltkortet.
9. Fellefangst av villmink er vederlagsfritt etter avtale med fjellstyret. Leiar får fullmakt.
10. Det er obligatorisk å rapportere felt vilt. Rapport skal sendast inn seinast 10 dagar etter endt jakt.
11. Brot på reglane vert straffa etter fjellova, og kan føre til tap av rett til å løyse jaktkort i statsallmenninga.

Korttyper og varigheit:

- Det skal vere ei tilnærma 60/40 fordeling av kort i favør innanbygds.
- Det skal vere tilbod om eit gratis dagskort til dei som har teke jegerprøva inneverande år.
- Ein skal prøve å avgrense talet på jegerar til maks 15 pr dag gjennom året. Ein opnar for noko fleir jegerar i oktober. Tildeling av korttyper skal gjerast på ein slik måte at ein oppnår dette.

	Innanbygds	Utanbygds
Sesongkort 01.10-28.02	6	4
Vekekort, periode 1 - 01.10-07.10	8	8
Vekekort, periode 2 - 08.10-14.10	8	8
Vekeskort f.o.m. 15.10 t.o.m. 28.02	1*	1*
Dagskort f.o.m. 01.10 t.o.m. 14.10	3*	2*
Dagskort f.o.m. 15.10 t.o.m. 31.12	6*	4*
Dagskort f.o.m. 01.01 t.o.m. 28.02	3*	2*
Smårovviltkort	Ubegrensa	Ubegrensa

* Øvre grense for selde kort pr dag

Prisar for småviltjakt på Røldal SA sesongen 2023/2024

Dagskort: 280,-

Vekeskort: 1 580,-

Sesong: 2 000,-

Smårovviltkort: 50,-

- Det er 75% rabatt for ungdomskort, samt halv pris for innanbygds.

Rjupetakseringar utført sommaren 2024 indikerte at det var greitt med fugl i sør-Noreg. Fjellstyret valde likevel å vere måtehalden, og reduserte tilgjengelege jaktkort noko samanlikna med føregåande år.

Sal småviltkort 2024		
		Totalt kjøpt
Innanbygds	Sesong*	6
	Veke	1 + 0 + 0
	Dag (01.-14.okt)**	3
	Dag	5
	Smårovvilt	1
Utanbygds	Sesong*	4
	Veke	8 + 7 + 5
	Dag (1.-14. okt)	28
	Dag***	75
	Smårovvilt	3 + 10
Totalt sal:		156

Kortkategoriar i raud skrift vart utselde

*Talet på sesongkort gjeld berre dei seld for jaktseongen 2024/2025

**Tre feilkjøp (utanbygdsjeger).

***Det vart seld totalt 9 dagskort mellom 01.01 og 28.02. Det låge talet skuldast truleg at ein stoppa salet av kort i desember 2023.

Inntekt:

Det vart i 2024 ei samla inntekt frå sal av småviltkort på kr 74 100.

7. Fiske

Vinteren 2024 vart det køyrt inn tre nye båtar, som er plassert ved Skurevatnet, Høsingvatnet og Nordre Steggjavotna. Det vart etablert permanent båtoplegg til desse båtane ved Skurevatnet og Høsingvatnet. I tillegg kjøpte ein inn båtmotor til båtane ved Eriksbu og Ninive. Fjellstyret har fått økonomisk støtte til desse tiltaka, som ein del av prosjektet kor ein forsøker å auke merksemda rundt fiske, og fiskekultivering.

Det vart også gjennomført eit prøvafiske i Høsingvatnet, EL-fiske i nokre bekker i Holmavatnet, samt eit sær sars forenkla testfiske i Nedre Longevotna.

Prøvefisket avslørte at det har vore naturleg rekruttering i Høsingvatnet i 2019. Ein finn også fisk i Nedre Longevotna som truleg ikkje stammar frå



Figur 5: Datainnsamling av sjølvrekruttert fisk (Foto: ER Moen)

noko fiskeutsetting. I Holmevatnet vart det ikkje funnet småfisk i bekkane. Fjellstyret planlegg fiskeutsetting i 2025, og må avgjere på korleis den nye kunnskapen skal påverke desse planane.

Prisar:

Garnfiske – berre for innanbygds (Gjev òg rett til stongfiske)

Sesong:	kr 250
Vekeskort:	kr 150
Familiekort:	kr 400
Ungdom:	kr 60

Det vart seld totalt:

- 11 stykk «Garnfiskekort – familie».
- 18 stykk «Garnfiskekort – sesong»

Garnfiske – utanbygds (gjeld berre i Votna. Gjev òg rett til stongfiske.)

Døgnkort:	kr 200
-----------	--------

Det vart ikkje seld nokon av desse korta i 2025.

Stong

1 døger	kr. 110,-
3 døger	kr. 290,-
Veke	kr. 390,-
Sesong	kr. 790,-

Det vart seld totalt:

- 35 stykk «1 døger»
- 160 stykk «3 døger»
- 11 stykk «Veke»
- 4 stykk «Sesong»

Fellesfiskekort

Røldal statsallmenning har felles fiskekortordning med Ulvik, Ullensvang og Eidfjord statsallmenning på Hardangervidda.

Veke	600,-
Sesong	1200,-

Det vart til saman seld 42 sesongkort og 270 vekeskort. Inntektene til Røldal fjellstyre frå sal av fellesfiskekortet var kr 17 509 (7.7 % av total omsetning).

Inntekt:

Det vart i 2024 ei samla inntekt frå sal av fiskekort på kr 58 059.

8. Tenestekjøp

Tjenestekjøp Røldal fjellstyre, 2024

1. Refusjonsberettiga arbeid	Time- verk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn-feltarbeid:				
Fiske:				
Småviltjakt:	8			
Anna:				
* Villreinjakt:	14.1			
		611	22.1	13503
SKJØTSEL, ikkje inntektsgjevande- feltarbeid:				
Fiskekulturarbeid:				
Transport: (inkl. kjøring til møter)				
Tilsyn-hytter:	12.5			
Reperasjon/vedlikehald av hytter:	36			
Renovasjonsarb.:	32			
Synfaringar og anna:		611	80.5	49186
FAGLEG saksbehandling- kontorarbeid:				
	61	443	61.0	27023
ANNA, refusjonsberettiga- kontorarbeid:				
	133			
* Villreinjakt s:	2.6			
** HF drift	138	443	273.6	121205
Andre kostnader:				
		SUM		210916

2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid

		Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
Sal av jakt og fiskekort m.m:	0	769	0,0	0

Kostnad for fjellstyret: (inkl. mva)

kr
210916.40

* Kostnader i samband med villreinjaktoppsynet er fordelt etter areal mellom fjellstyra

** Timverk HF drift er fordelt etter fjellstyret sitt timetal i høve til samla tenestekjøp hjå alle fjellstyra (refusjonsberettiga timar).

9. Ymse

Røldalsmarknaden

Fjellstyret hadde eigen stand, kor ein nytta høvet til å dele ut jaktkort til reinsjakta og arrangere ein bildekonkurranse. I tillegg er dette ein ypparleg anledning for fjellstyret til å gje brukarane, og andre interesserte, informasjon om aktuelle saker om statsallmenninga. Frå Fjellstyret sin ståstad var dette var eit velluka arrangement!

Rekrutteringstiltak

Fjellstyret inngjekk i 2024 eit samarbeid med Røldal Skule om gjennomføringa av eit par rekrutteringstiltak bygd opp rundt fiske og friluftsliv. Det vart gjennomført to forskjellige tiltak:

- Fyrste del var ei opplegg for 10 elevar som har valgfag «Natur, miljø og friluftsliv». Dei lånte fiskegarn av fjellstyret, og sat tre garn i Ståvatnet og fekk seks fiskar. Dei mageprøvar og analyserte mageinnhaldet. Til slutt vart to av fiskane bakt på bål, slik at det vart ein smaksprøve til alle.
- Andre del var ein felles tur for alle elevane til Haukelifjell. Det var forskjellig opplegg, til dei forskjellige klassetrinna. Elevane fekk til dømes sjå på ysting av geitost på Midtfjellsvodlen, fiska og smake på reinskjøt steikt på stormkjøkken.

Fjellstyret har fått mykje skryt av elevar, foreldre og lærarar for at ein hjelper til med å tilretteleggje for desse turane!

Til gjennomføring av dette prosjektet vart fjellstyret tildelt kr 9 000 av Norges Fjellstyresamband/Miljødirektoratet. Fjellstyre takkar for tildelinga.

Støtte

- Til generelt vedlikehald, og standardheving, av fjellstyrehyttene, vart fjellstyret tildelt kr 73.288 i støtte frå Grunneigarfondet (Statskog).
- Fjellstyret søkte og om støtte til fiskeforbetrande tiltak i statsallmenning. Til dette vart fjellstyret tildelt kr 78 000 frå Grunneigarfondet (Statskog) i 2023. Desse vart utbetalt i 2024. Fjellstyret fekk også eit tilsegn på kr 40 000 av Ullensvang kommune (friluftsmidler). Av desse vart kr 10 000 utbetalt i 2024.
- Fjellstyret fekk også vederlagsfritt transportløyve av Røldal Grunneigarlag, samt gratis parkering av Røldal Bygdateneste.

Fjellstyret takkar for tildelingane, og håpar å bruke desse midlane til å gjere hyttene våre meir attraktive for brukarane våre, samtidig som me håpar å få til vellukka fiskeforbetrande tiltak.

Allmennyttige føremål

Røldal Fjellstyre har i 2024 støtta fylgjande allmennyttige formål:

- Kr 15 000 – Støtte til opparbeiding av kvileplass ved Eldhusaugen

Plastbåtprosjektet og anna opprydding på statsallmenninga

Røldal Fjellstyre vart i 2023 inkludert i eit plastoppryddingsprosjekt (finansiert av Handelens Miljøfond), kor målet er å fjerne båtvrak, og anna tilhøyrande rask, frå statsallmenninga.

Ambisjonen til Norges Fjellstyresamband er at fjellstyra skal ha ein «0-visjon for plast i fjellet». Ein kartlegga båtane sommaren 2023, og forsøkte å transportere alle desse heim i løpet av våren 2024. Ein fekk heim åtte båtar. Det var berre ein båt ein ikkje fann i vår. Denne vart flytta, slik at ein forhåpentligvis finn den våren 2025. Fjellstyret får utbetalt vrakpant på dei uttransporterte båtane. I 2024 fekk fjellstyret utbetalt kr 23 500 i samband med plastbåtprosjektet.

Røldal fjellstyre ynskjer å takke Lyse Kraft DA for lån av areal til oppbevaring av båtvraka i tida fram til dei vart henta av Norscrap.

Ein prioriterte i tillegg å bruke Hardangervidda fjelloppsyn til å rydde opp i nokre forsøpla lokalisjonar rundt Reinstjørna og Stavsnuten hausten 2023. I løpet av våren 2024 vart mykje av dette transportert ut. Statskog gjekk med på ei kostnadsdeling for gjennomføringa av dette arbeidet, og dekkar kr 26 000 av fjellstyret sine kostnader.



*Figur 6: Greitt å ha med senger når ein leitar etter båtar.
(Foto: THH Tjemsland)*

Digitalisering av hyttebøkene

Fjellstyret fekk i januar digitalisert dei gamle hyttebøkene frå Gamlabua (Hellevassbu), Ninive (Holmevassbu) og Eriksbu. Arbeidet vart utført av IKM Hordaland på dugnad! Fjellstyret takkar dei for arbeidet!

Dugnad

Fjellstyret må til slutt nytta høvet til å takke alle for den enorme dugnadsinnsatsen lagt ned i 2024.


10. Saker behandla i 2024

Styremøte 29.januar:

- Sak 01/24: Meldingssaker
- Sak 02/24: Eventuelt/informasjon hendelsar frå førre møte
- Sak 03/24 Godkjenning av årsrekneskap 2023
- Sak 04/24: Godkjenning av årsmelding 2023
- Sak 05/24: Val av kasserar for 2024-2027
- Sak 06/24: Godtgjering styret
- Sak 07/24: Regulering av prisar for 2024

- Sak 08/24: Budsjett 2024
- Sak 09/24: Val av representant til villreinutvalet for 2023-2027
- Sak 10/24: Diverse fullmakter til leiar
- Sak 11/24: Møteplan 2024
- Sak 12/24: Val av vararepresentant til styret i FH as
- Sak 13/24: Infosak – Utlysing av ledig beite på Haukeli frå 2025
- Sak 14/24: Meldingssaker
- Sak 15/24: Eventuelt/informasjon hendelsar frå førre møte
- Sak 16/24: Rypejakt/småviltjakt 2024/25
- Sak 17/24: Høyringsssvar – villreinkvote hausten 2024
- Sak 18/24: Val av kasserar for 2024-2027 (2. gong)
- Sak 19/24: Leigekontrakt stølshusa på Haukeli
- Sak 20/24: Revisortenester for fjellstyret
- Sak 21/24: Definisjonar ifb regelverk Røldal SA
- Sak 22/24: Dugnad, arbeid o.l. på fjellstyrehyttene 2024
- Sak 23/24: Organisering av søknad til reinsløyve 2024
- Sak 24/24: Høyring på forslag til avskytingsplan 2024 og bestandsplan 2024-2026 – Setesdal Ryfylke villreinområde
- Sak 25/24: Kjøp av ny PC
- Sak 26/24: Meldingssaker
- Sak 27/24: Eventuelt/informasjon hendelsar frå førre møte
- Sak 28/24: Søknad om samjakt frå HA290
- Sak 29/24: «CWD-prøvetaking» - eventuelle lokale initiativ
- Sak 30/24: Fjellstyrehytta i Ulevåbotn – vegen vidare
- Sak 31/24: Leigekontraktar – stølar, beite og hytter på Haukeli
- Sak 32/24: Røldalsmarknaden
- Sak 33/24: Sommarsesong og reinsdyrjakt
- Sak 34/24: Høyringsfrist miljørevisjon LYSE KRAFT DA
- Sak 35/24: Søknad om økonomisk støtte til opparbeiding av kvileplass
- Sak 36/24: Samjaktavtale mellom Ullensvang og Røldal fjellstyre
- Sak 37/24: Rypejakt/småviltjakt 2024/25
- Sak 38/24: Meldingssaker
- Sak 39/24: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte
- Sak 40/24: Evaluering Røldalsmarknaden
- Sak 41/24: Oppsummering villreinjakt 2024
- Sak 42/24: Status hytter, stølar og båtar
- Sak 43/24: Tenestekjøp frå FHAs for 2025
- Sak 44/24: Arrangere jegerprøve
- Sak 45/24: Høyringsuttale – Ny forvaltningsplan for Hardangervidda
- Sak 46/24: Høyringsuttale – Miljørevisjon og O/U Lyse Kraft DA
- Sak 47/24: Høyringsuttale – Lokal forskrift motorferdsel Ullensvang kommune

Røldal, februar 2025



Tor Helge M. Tjemsland
Leiar, Røldal Fjellstyre